

1.5.1 NORDAUSTARKTISK TORSK

Bjarte Bogstad

bjarte.bogstad@imr.no

► Status og råd

Bestanden er i rimeleg god stand, men lågare enn langtidsgjennomsnittet (1946–2006). Gytebestanden er svakt minkande, men framleis over langtidsgjennomsnittet (Figur 1.5.1.1). Som i 2007 understrekar det vitenskaplege rådet for fisket i 2008 at det er viktig å få slutt på all urapportert fangst for å unngå vidare nedgang.


Fiskeri

Totalkvoten for 2006 var 471 000 tonn. Total internasjonal fangst var 596 000 tonn, inkludert eit overslag for urapportert fiske på 127 000 tonn. Norsk fangst var

201 000 tonn i 2006. Andre fangstnasjonar er i rangert rekkefølge: Russland, Færøya-ane, Storbritannia, Spania, Grønland, Island, Portugal, Frankrike, Tyskland, Polen, Kviterussland og Irland (Figur 1.5.1.2). Om lag 70 % av årsfangsten blir tatt med botntrål. Resten blir fiska med garn, line, snurrevad og juksa.




Bestanden av nordaustarktisk torsk



Figur 1.5.1.1

Utvikling av totalbestanden for nordaustarktisk torsk (mørkt + lyst felt).
Development of the total stock of Northeast Arctic cod (dark + light areas), spawning stock (dark area) and recruitment (bars).

Fangst av nordaustarktisk torsk




Figur 1.5.1.2

Utvikling av fangstar av nordaustarktisk torsk. Red part of bars shows Norwegian catch, blue part shows catches by other countries, and green part shows IUU-catch.

Det er risiko for at bestanden i 2006 ikkje vart hausta berekraftig. Det har høg prioritet å få slutt på det urapporterte fisket som har resultert i eit monaleg overfiske av kvotene dei siste åra. Overslaga for urapportert fiske i 2007 er enno ikkje klare, men dei opplysningane som ligg føre, tyder på at det er ein klar nedgang i dette fisket frå 2006 til 2007.

Kannibalisme hos torsk

Som mange andre fiskar er også torsken kannibal, det vil seie at stor torsk et småtorsk. Torsken er glupsk og kan ete småtorsk som er vel halvparten så lange som seg sjølv. Den største torsken vi har funne i ein torskemage, var på 55 cm, den fann vi i magen til ein torsk på 100 cm. I nokre år og område kan småtorsk vere ein viktig del av dietten til større torsk. Kannibalismen hos torsk har variert mykje over tid. Figur 1.5.1.3 viser korleis prosenten torskemagar der ein finn torsk som byttedyr, har variert frå 1946 og fram til i dag (data frå PINRO, Murmansk). Ein av grunnane til at kan-



Figur 1.5.1.3

Prosent torskemagar frå kommersielt fiske der torsk vart funne som byttedyr. Russiske (PINRO, Murmansk) data for fisk over ca. 40 cm. Occurrence of cod in cod stomachs from commercial fishery. Russian (PINRO, Murmansk) data for fish larger than approx. 40 cm.

Torsk

Gadus morhua

Andre norske namn:

Skrei, jedd, jadd, bruning

Familie: Torskefamilien

Maks storleik: 130 cm og 40 kg

Utbreiing: Den varme sida av Polarfronten i Barentshavet

Hovudgyteområde: Lofoten/Vesterålen

Gytetidspunkt: Februar–april

Føde: Fisk

Nøkkeltal:

AVTALT KVOTE 2008:

430 000 tonn, norsk kvote: 181 650

AVTALT KVOTE 2007:


424 000 tonn, norsk kvote: 178 500

FANGST 2006:

596 000 tonn, norsk fangst: 201 000

NORSK FANGSTVERDI:

Ca. 3 milliardar kroner (gjennomsnitt siste ti år)



nibalismen hos torsk har variert, er svingingane i loddebestanden. Dersom torsken har mykje lodde å beite på, fører dette til lågare kannibalisme. Kannibalisme hos torsk er tatt omsyn til i bestandsutrekningane og i forvaltingsstrategien.

Northeast Arctic Cod

The stock is in a fairly good state, but is declining. Unreported catches have caused considerable overfishing of the agreed quotas in the last five years, and the fishery in 2006 was not considered sustainable. The management agencies aim to stop the unreported fishing. Norway and Russia are the main fishing nations. In addition, the Faroe Islands, Greenland, Iceland and EU take part in the fishery.

Stor torsk et småtorsk som denne.




Foto: Terje van der Meer

Fakta om bestanden

Torsk er ein rovfisk tilknytt botnen, men i Barentshavet kan han i delar av året opphalde seg mykje i dei frie vassmassane. Ungfisk (0–2 år) et mykje dyreplankton, medan fisk og botnorganismar er viktigast for den eldre torsken. Dei viktigaste gytefeltene for nordaustarktisk torsk er i Vesterålen/Lofoten. Egga blir gytt i frie vassmassar i februar–april. Både egg og larvar driv med straumen inn i Barentshavet, og yngelen botnslår seg der seint på hausten. Mesteparten av bestanden finn ein i Barentshavet, på den varme sida av Polarfronten (til ca. 76°N og 50°A). I varme år går utbreiinga lenger nord og

aust. Såleis finn ein hausten 2007 torsk heilt nord til 81°N (nord for Svalbard) og aust til 56°A (ved sørspissen av Novaja Semlja).

Den nordaustarktiske torsken er den største torskebestanden i verda. Andre havbestandar av torsk finst ved Island, Færøyane, i Austersjøen, Nordsjøen og Irskesjøen, vest av Skottland og i Georges Bank- og Newfoundland-områda i Nordvest-Atlanteren. I tillegg finst det lokale kyst- og fjordbestandar langs kysten av Noreg, Sør-Grønland og Canada.